

Møteinnkalling

Utval:	Hordaland fagskulestyre
Møtestad:	Sunnhordland, 4.etg., Fylkeshuset
Dato:	30.10.2014
Tid:	10:00

Program:

Kl. 10.00: Styresaker – handsaming

Kl. 11.00: Lunsj

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Hordaland fagskulestyre, samt ein representant frå kvart fagskuleråd. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Hordaland fagskulestyre. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Rektorane ved fagskulane kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektorane må også melde forfall dersom dei ikkje møter.

Roald Stenseide
styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 36/14	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 37/14	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 38/14	Møteprotokoll møte Hordaland fagskulestyre 11.09.14	2014/22560	
PS 39/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 15/14	Meir bruksareal for Bergen tekniske fagskole	2014/2	
RS 16/14	Resultat av val av studentrepresentant til Hordaland fagskulestyre	2014/2	
RS 17/14	Justering av møteplan for Hordaland fagskulestyre 2015	2014/2	
RS 18/14	Kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg	2014/12294	
PS 40/14	Tilbudsstruktur for Fagskolane i Hordaland 2015-16	2014/2	
PS 41/14	Ymse		

PS 36/14 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 37/14 Godkjenning møtebok forrige møte

Utval: Hordaland fagskulestyre
Møtestad: Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset
Dato: 11.09.2014
Tidspunkt: 10:00 – 11.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Toralv Mikkelsen	Medlem	A
Roald Stenseide	Leiar	FRP
Aslaug Hellesøy	Nestleiar	KRF
Signe Olga Gangsøy	Medlem	TILSETT
Thomas Mjelde Østervold	Medlem	STUD

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anette Netteland Dybvik	Medlem	H
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gustav Bahus	Anette Netteland Dybvik	FRP
Bjørnar Hamre	Alexander Fosse Andersen	V

Merknader

Følgjande rektorar møtte:

Rektor Bergen maritime fagskole Anne de Lange
Rektor Fusa fagskule Thor Johannes Hjertnes
Rektor Bergen tekniske fagskole Torbjørn Tvedt

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Annbjörg Laupsa	Fungerande fylkesdirektør
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule
Per Willy Mørk Karlsen	Seniorrådgjevar
Øydis R. Ziem	Styresekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
------------------	---------	-----------------	--------

PS 25/14	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste	
PS 26/14	Godkjenning møtebok forrige møte	
PS 27/14	Referatsaker (Meldingar)	
RS 9/14	Møteprotokoll frå møte i Hordaland fagskulestyre 06.05.2014	2014/2
RS 10/14	Utfordringar ved Vg3 i skule til fagbrev innan maritime konvensjonsfag	2014/2
RS 11/14	Møteplan for Hordaland fagskulestyre i 2015	2014/2
RS 12/14	Husleige ved studiestader for Fagskolane i Hordaland	2014/2
RS 13/14	Råd og utval for fagskulesektoren	2014/2
RS 14/14	Avslutning av tilsyn frå NOKUT ved Austevoll maritime fagskule	2014/2
PS 28/14	Inntekter ved Bergen maritime fagskole	2014/2
PS 29/14	Løyve til å søkje NOKUT om godkjenning av nettbasert tilbod innan spesialreinhald og sterilforsyning	2014/2
PS 30/14	Forslag til bruk av fellesmidlar for Fagskolane i Hordaland	2014/2
PS 31/14	Bytte av namn for Fusa fagskule	2014/2
PS 32/14	Ny strategiplan for Fagskolane i Hordaland	2014/2
PS 33/14	Årsmeldingar for Fagskolane i Hordaland 2013/14	2014/2
PS 34/14	Endring i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland	2014/2
PS 35/14	Ymse	

PS 25/14 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

PS 26/14 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Vedtak

Møtebok for styremøtet 6. mai 2014 vart samrøystes godkjend.

PS 27/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Vedtak

Melding RS1014 vert oversend Opplærings- og helseutvalet.

Hordaland fagskulestyre tek øvrige meldingar til etterretning.

RS 9/14 Møteprotokoll frå møte i Hordaland fagskulestyre 06.05.2014

RS 10/14 Utfordringar ved Vg3 i skule til fagbrev innan maritime konvensjonsfag

RS 11/14 Møteplan for Hordaland fagskulestyre i 2015

RS 12/14 Husleige ved studiestader for Fagskolane i Hordaland

RS 13/14 Råd og utval for fagskulesektoren

RS 14/14 Avslutning av tilsyn frå NOKUT ved Austevoll maritime fagskule

PS 28/14 Inntekter ved Bergen maritime fagskole

Forslag til vedtak

Bergen maritime fagskole vert ikkje trekt i studenttalet ved kjøp av plassar så lenge inntektene vert nytta til drift og utvikling av Bergen maritime fagskole og studiestaden Austevoll.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Bergen maritime fagskole vert ikkje trekt i studenttalet ved kjøp av plassar så lenge inntektene vert nytta til drift og utvikling av Bergen maritime fagskole og studiestaden Austevoll.

PS 29/14 Løyve til å søkje NOKUT om godkjenning av nettbasert tilbod innan spesialreinhald og sterilforsyning

Forslag til vedtak

Fusa fagskule kan søkje NOKUT om godkjenning av eit nettbasert tilbod innan spesialreinhald og sterilforsyning.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fusa fagskule kan søkje NOKUT om godkjenning av eit nettbasert tilbod innan spesialreinhold og sterilforsyning.

PS 30/14 Forslag til bruk av fellesmidlar for Fagskolane i Hordaland

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek følgjande aktivitetar og fordeling av midlar for hausten 2014:

Fagskulesamling	kr	20 000,00
Reklamefilm	kr	400 000,00
40 % ressurs	kr	300 000,00
Sosiale tiltak	kr	30 000,00
Totalt	kr	<u>750 000,00</u>

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Representanten **Toralv Mikkelsen** sette fram følgjande forslag:

«Reklamefilm kr. 400.000» blir endra til «Markedsføringstiltak kr. 400.000».

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Mikkelsen sitt forslag.

Vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek følgjande aktivitetar og fordeling av midlar for hausten 2014:

Fagskulesamling	kr	20 000,00
Markedsføringstiltak	kr	400 000,00
40 % ressurs	kr	300 000,00
Sosiale tiltak	kr	30 000,00
Totalt	kr	<u>750 000,00</u>

PS 31/14 Bytte av namn for Fusa fagskule

Forslag til vedtak

Fusa fagskule endrar namn til Hordaland helsefagskule

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fusa fagskule endrar namn til Hordaland helsefagskule

PS 32/14 Ny strategiplan for Fagskolane i Hordaland

Forslag til vedtak

Det vert utarbeidd ein ny strategiplan for Fagskolane i Hordaland som vist i saksframlegget.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Styreleiar **Roald Stenseide** sette fram følgjande forslag:

«Det vert starta arbeid med rullering av strategiplan for Fagskolane i Hordaland. Vidare handsaming av strategiplanen vert gjort av Fylkestinget».

Røysting

Styreleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Administrasjonen sitt forslag fekk ingen røyster.

Vedtak

Det vert starta arbeid med rullering av strategiplan for Fagskolane i Hordaland. Vidare handsaming av strategiplanen vert gjort av Fylkestinget.

PS 33/14 Årsmeldingar for Fagskolane i Hordaland 2013/14

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre tek saka til orientering og ventar oppfølgings sak med kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland før endeleg handsaming.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fagskulestyre tek saka til orientering og ventar oppfølgings sak med kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland før endeleg handsaming.

PS 34/14 Endring i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland

Forslag til vedtak

Følgjande endringar vert vedteke i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland:

§ 6. Røyking og snus

Røyking og snus er forbode i skulen sine bygg og på skulen sitt område.

Under § 13. Eksamensordning

Maritime fag

For informasjon om eksamensordninga ved maritime fag sjå [Nasjonalt standard for vurdering](#).

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Følgjande endringar vert vedteke i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland:

§ 6. Røyking og snus

Røyking og snus er forbode i skulen sine bygg og på skulen sitt område.

Under § 13. Eksamensordning

Maritime fag

For informasjon om eksamensordninga ved maritime fag sjå [Nasjonalt standard for vurdering](#).

PS 35/14 Ymse

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 11.09.2014

Dokument utdelt i møtet:

Notat frå Advokatfirma Thommessen AS: «Fordeling av oppgaver og kompetanse etter fagskoleloven»

Endring av dato for neste styremøte:

Ny dato for neste styremøte vert 30.oktober 2014.

Vedk. nytt ventilasjonssystem v/Bergen maritime fagskole.

Repr. Gustav Bahus stilte spørsmål vedk. kvalitetssikring og oppfølging av det nye ventilasjonssystemet.

Vedtak:

Hordaland fagskulestyre ber administrasjonen om å leggja fram eit notat om saka til neste styremøte.

Vedk. trong for meir bruksareal for Bergen tekniske fagskole.

Rektor Torbjørn Tvedt stilte spørsmål vedk. evt. ledig areal v/Bjærgvin vgs som Bergen tekniske fagskole gjerne vil ta i bruk i påvente av nytt bygg for fagskolane.

Vedtak:

Hordaland fagskulestyre ber administrasjonen leggja fram sak til neste møte.

Vedk. Nasjonalt utval for fagskoleutdanning i helse og oppvekstfag (NUFHO).

Fungerande fylkesdirektør opplæring Annbjærg Laupsa er valt inn som representant i NUFHO på vegner av FFU, og Laupsa orienterte kort om arbeidet i utvalet.

Vedk. fagskuletilbodet Spesialreinhald og steriltforsyning (sak 29/14)

Mette Holmefjord Olsen, Fusa fagskule, er oppnemnd som medlem i plangruppa.

PS 39/14 Referatsaker (Meldingar)



Notat

Dato: 10.10.2014
Arkivsak: 2014/2-64
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Meir bruksareal for Bergen tekniske fagskole

Hordaland fagskulestyre har etterspurt ei sak om meir bruksareal for Bergen tekniske fagskole. Sekretariatet for fagskulestyret må få kome tilbake med ei sak, men gjev her ei orientering om arbeidet med meir areal for Bergen tekniske fagskole.

Bergen tekniske fagskole har stort behov for meir areal. Årsaken til dette er at studenttalet ved skulen har auka mykje dei siste åra, spesielt ved nettilboda. Det er også uttrykt sterk misnøye blant studentane i høve til små klasserom og lite grupperom i årsmeldinga frå Bergen tekniske fagskole. Årsmeldinga vart handsama i Hordaland fagskulestyre 11. september. Bergen tekniske fagskole har også behov for meir areal til lab.

Av di den gamle sjømannskulen i Haugeveien ikkje er stor nok til både den tekniske og maritime fagskulen, og fordi det vart byggteknisk vanskeleg å gjere endringar i bygget, må fylkeskommunen arbeide vidare med andre moglegheiter for eitt felles bygg for skulane. Dette gjer at samanslåinga vert lengre fram i tid, og det er naudsynt å finna eigna lokale for Bergen tekniske fagskole fram til ei samanslåing.

Etter at Amalie Skram vidaregåande skule vart starta opp har det vore ledig areal i tidlegare Bjørgvin vidaregåande skule sine lokale. Årstad vidaregåande skule er i dag ansvarleg for dette bygget og har helse- og oppvekstavdelinga si der. Det er god plass i lokala ved Bjørgvin, og det har vore sett på moglegheita for at Bergen tekniske fagskole og Årstad vidaregåande skule kan fordela lokala mellom seg. Samtidig har Hordaland fylkeskommune no tatt over bygget i Haugeveien frå Statsbygg, og lokala står tomme. Det er difor no eit ønskje frå Bergen tekniske fagskole å flytte til Haugeveien med heile skulen i staden for sambruk med Årstad vidaregåande skule i Bjørgvin-bygget. Den gamle sjømannskulen i Haugeveien er stor nok til å romme heile Bergen tekniske fagskole med mindre justeringar. Bygget er ikkje heilt ideelt, men betrakteleg betre enn bygget skulen har i dag.

Det er sett av kroner 10 millionar i Hordaland fylkeskommune sitt budsjett til ei flytting og mindre byggtekniske endringar for Bergen tekniske fagskole. Opplæringsavdelinga vil saman med skulen og Eigedomsseksjonen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med nye lokale for skulen.



Notat

Dato: 02.10.2014
Arkivsak: 2014/2-61
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Resultat av val av studentrepresentant til Hordaland fagskulestyre

Felles val blant studentane ved Fagskolane i Hordaland vart gjennomført i veke 36. Resultatet vart som følger:

Val for skuleåret 2014/15	Bergen maritime	Bergen tekniske	Fusa	SUM
Renate Ernsten, Bergen maritime	29	11	1	41
Thomas Mjelde Østervold, Bergen tekniske	6	67	0	73
Gunn Tove Kalnes, Fusa	0	4	9	13

Tabellen over syner at Thomas Mjelde Østervold ved Bergen tekniske fagskole vart valt som studentrepresentant med 73 stemmer. Renate Ernsten ved Bergen maritime fagskole vart valt som vararepresentant med 41 stemmer.



Notat

Dato: 09.10.2014
Arkivsak: 2014/2-63
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Justering av møteplan for Hordaland fagskulestyre 2015

Det er frist for fagskulane å melde eventuelle endringar i tilbudsstrukturen til Vigo 11. mai 2015. På grunn av dette er det naudsynt å endre dato for styremøtet i mai. Opphavleg var møtet sett til 21. mai, men vert no føreslått endra til torsdag 7. mai.

Utval	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Fylkestinget			10./11.			09./10.				13./14. 27.		08./09.
Fylkesutvalet	29.	18./19.	26.	22./23.	19.	18.		27.	23./24.	29.	18./19.	03.
Kultur og ressurs	22.	11./12.	19.	16.	13.	04.		20.	10.	01.	12.	
Opplæring og helse	20.	10.	17.	14./15.	12.	02.		18.	08. 29.		10.	
Samferdsel	21.	11.	18.	14./15	12.	03.		19.	09. 30.		11.	
Administrasjon			25.			17.					12.	
Fylkesvalstyret					28.			27.	23.			
Valnemnda												
Kontrollutvalet		16.	23.		04.	17.						
Vestlandsrådet												
Klagenemnda												
Yrkesopplæringsnemnda	13.	03.	10.	07.	05. 26.			11.	01. 22.		03.	
Hordaland fagskulestyre	27.		24.		07.				10.		26.	



Notat

Dato: 10.10.2014
Arkivsak: 2014/12294-6
Saksbehandlar: ireolse

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg

En viser til vedtak i møte i Hordaland fagskulestyre og i Opplærings- og helseutvalet knytt til kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg.

Prosedyrer ved rehabilitering av bygg/ tekniske installasjoner.

Eigedomsseksjonen har mange prosjekt som omfatter helt eller delvis rehabilitering av bygg med tekniske installasjoner. I de fleste slike prosjekt rehabiliteres varme-, ventilasjonsanlegg totalt mens det innenfor elektro og bygg tas med det som er naturlig i prosjektet.

Ved rehabilitering av skoler blir det i forkant opprettet kontakt med skolen og brukergruppe blir oppnevnt. I prosjekteringsfasen blir skolen forelagt løsninger der det er naturlig og tilbakemeldinger ivaretatt så langt det lar seg gjøre.

I de fleste prosjekter rehabiliteres skolen samtidig med at skolen har «normal» drift. Deler av skolen blir gjerne frigitt slik at entreprenører kan jobbe noe friere.

Slike prosjekt kan noen ganger gå over 3-4 år og skolene er nok noe hemmet av dette. Vi har likevel gjennom ett tett samarbeid med skolene følt at dette har gått bra, selv om skolene nok er lei når prosjekt nærmer seg slutten.

Alternativ er å tømme skolene ved rehabilitering. Dette er en løsning som har fordeler ved at entreprenørene kan jobbe fritt uten å ta hensyn til skoledriften. Det vil også redusere byggetid og direkte prosjektkostnader.

Det som imidlertid er ulempen er kostnadene med å bygge opp brakkerigger og flytte skolen ut i anleggsperioden. Det er heller ikke enkelt for yrkesfagskoler. En del steder er det heller ikke praktisk mulig å sette opp brakkerigg. Totalt sett blir også dette en mer kostbar løsning pga. oppbygging, flytting og drift av midlertidig skole.

Luftbehandlingsanlegg som ikke virker, støy fra anlegg.

Ved installasjon av nye luftbehandlingsanlegg kjøpes både rådgivertjenester og utførelse fra godkjente rådgivere/entreprenører. I de fleste tilfeller kjøpes også prosjekteringsledelse og byggeledelse, da

Eigedomsseksjonen ikke har kapasitet til dette. Vi er derfor helt avhengig av kvaliteten på disse kjøpte tjenestene .

Det forutsettes at de prosjekterende og utførende, som er godkjente i sine tiltaksklasser, følger de krav som fremkommer i teknisk forskrift, krav fra arbeidstilsynet, miljøretta helsevern i barnehager og skoler etc.

Prosjektansvarlig ved Eigedomsseksjonen deltar i prosjekterings- og byggemøter men er avhengig av at de enkelte fagrådgivere og entreprenører leverer ihht. krav. Eigedomsseksjonen deltar likevel aktivt og påtaler kontinuerlig feil og mangler i prosjekterings- og utførelsesfasen samt i garantitiden. Eigedomsseksjonen har egen prosjekteringsanvisning som blir benyttet.

Nye forskrifter til energibruk i bygg er svært strenge, noe som også gjelder energi til luftbehandlingsanlegg. Dette har ført til at det prosjekteres luftbehandlingsanlegg med behovsstyrt luftmengde. Dvs. at de enkelte rom får den luftmengden som kreves ut fra personbelastningen i rommet. Disse anleggene er i teorien gode, men har vist seg vanskelig å få til å virke. Noe enklere anlegg med noe mindre energibesparelse men større driftssikkerhet blir nå prosjektert, i påvente av at mer optimale løsninger skal virke som forutsatt.

Vi vil likevel påpeke at de fleste anlegg fungerer etter hensikten og at vi ved mindre ombygginger også får problemanleggene til å fungere rimelig bra.

Dagens krav til luftmengder er ofte det dobbelte av de som var da bygget var nytt. Store luftmengder krever store kanaldimensjoner som kan være vanskelig å komme frem med i eksisterende bygg pga. lave takhøyder og dragere. Årsaken til støy fra luftbehandlingsanlegg er ofte knyttet til utformingen av kanalnettet. I noen tilfeller fører uheldig kanalutforming til at lyd genereres i kanalnettet. Lyddempende tiltak gjøres da i stor utstrekning for å prøve å tilfredsstille dagens krav til støy fra luftbehandlingsanlegg.

SD-anlegg med sentral kontroll

Sentral driftskontroll (SD-anlegg) er i dag installert i ca. 95 % av alle skolene. Fra fylkeshuset kan styring, regulering og endring av temperaturnivået gjøres og feilmeldinger mottas fra alle skolene med SD-anlegg, over hele fylket. Eigedomsseksjonen og driften ute har noen superbrukere på SD-anlegg . Disse kan via egen pc gå inn på SD-anlegget ved hvilken som helst skole og hjelpe til med styring av tekniske installasjoner. Dette blir gjort ved sykdom hos driftsleder, ved opplæring og ellers ved behov for hjelp til justering av driftsparametre.



Arkivnr: 2014/2-62
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	40/14	30.10.2014

Tilbudsstruktur for Fagskolane i Hordaland 2015-16

Samandrag

Det er omlag 81 millionar kr til dimensjonering av tilbudsstrukturen for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2015-16. Dette er ei romslegare ramme enn tidlegare og gjer at det er mogleg å få dekning for fulle klassar på 30 studentar. I tillegg vert studentsatsen auka frå 80 000 kroner til 83 400 kroner. Det er føreslått å ta opp totalt 494 nye studentar ved fagskulane i Hordaland hausten 2015. Dette utgjer om lag 450 heiltids-ekvivalentar. Til saman vil det vere om lag 970 studentar rekna som heiltidsekvivalentar ved fagskulane i Hordaland skuleåret 2015-16.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek tilbudsstrukturen for fagskulane i Hordaland for skuleåret 2015-16 som det går fram av saksframlegget.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.10.2014

Det er i statsbudsjettet for 2015 gjort framlegg om at tilskotet til offentlege fagskuleutdanningar i 2015 blir fordelt særskild basert på rapporterte studenttal. Det er talet på registrerte fagskulestudentar hausten 2013 som blir lagt til grunn for fordelinga av midlar i 2015 til dei fylkeskommunalt finansierte fagskuleutdanningane. Rammetilskotet til Hordaland som er gjeve over statsbudsjettet for 2015 er på kroner 78,9 millionar. Hordaland fylkeskommune har prioritert og justert for løns- og prisvekst, og gjeve ei ramme på kroner 84,7 millionar. Såleis har fylkeskommunen gjeve ein auke på kroner 5,8 millionar ut over rammetilskotet frå staten. Etter at dei faste utgiftene til fagskuleområdet vert trekt i frå er det om lag 81 millionar kr til dimensjonering av tilbodsstrukturen. Dette er ei romslegare ramme enn tidlegare og gjer at det er mogleg å få dekning for fulle klassar på 30 studentar. I tillegg vert studentsatsen auka frå kroner 80 000,- til kroner 83 400,-.

Tilbodsstruktur for Fagskolane i Hordaland

OPPSUMMERT	vektning	forventa studenttal 1. år	omrekna til heilårsekvivalenter 1 år	2. År heiltid	Delkurs 2.år omrekna til	Delkurs 3.år omrekna til	Sum Total	Merknad	Budsjett
BERGEN TEKNISKE FAGSKOLE		344,00	269,88	127,30	133,61	90,38	621,17		53 805 744,80
BERGEN MARITIME FAGSKOLE		150,00	180,00	170,05	0,00	0,00	350,05		29 194 170,00
Totalt Tekniske fag		494,00	449,88	297,35	133,61	90,38	971,22		82 999 914,80

Tabellen over syner ei oppsummering av tilbodsstrukturen for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2015/16. Det er lagt inn 5 % fråfall på andre og tredje skuleår for både Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole. Det er rimeleg å anta at det fell i frå om lag 5 % mellom årstrinna. Tabellen syner vidare at det er rom for å ta opp 494 studentar (449,88 heiltidsekvivalenter) i 2015. Dette er ein liten auke frå året før då skulane kunne få dekning for 425 studentar.

Den totale summen i budsjettet i tabellen over er høgare enn ramma etter fråtrekk av faste utgifter på 81 millionar kroner, og dette er fordi tilboda på Stord er lagt inn med ein fast sum på kroner 2 millionar. Dette er eksterne midlar som ikkje gjev utslag i sjølve ramma og dimensjoneringa av tilbodet totalt sett. I skuleåret 2015-16 vil det vere berre éin klasse på Stord med mindre det vert løyvd ekstra midlar til oppstart av eit nytt kull.

Bergen tekniske fagskole

642	BERGEN TEKNISKE FAGSKOLE	vektning	forslag studenttal 1. år	omrekna til heilårsekvivalenter 1 år	2. År heiltid	2.år omrekna til heilkurs	3.år omrekna til heilkurs	Sum Total	Merknad	Budsjett
	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	30	20,00	0,00	23,55	17,19	60,74		5 065 382,40
	KEM /Tak og fasade N	0,67	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	Opprettes ikke	-
	Bygg FTB01H	1,00	30	30,00	30,40	0,00	0,00	60,40		5 037 360,00
	Bygg FTB01N	0,67	30	20,00	0,00	22,28	19,10	61,37		5 118 466,50
	Automatisering FTE01H	1,00	30	30,00	22,80	0,00	0,00	52,80		4 403 520,00
	Automatisering FTE01N	0,67	30	20,10	0,00	19,95	14,64	54,69		4 561 104,30
	Elkraft FTE03H	1,00	30	30,00	25,65	0,00	0,00	55,65		4 641 210,00
	Elkraft FTE03N	0,67	30	20,10	-	22,28	21,00	63,38		5 286 058,80
	Maskinteknikk FTT04H	1,00	30	30,00	28,50	0,00	0,00	58,50		4 878 900,00
	Maskinteknikk FTT04N	0,67	0	0,00	0,00	20,37	0,00	20,37	Opprettes ikke	1 698 691,20
	Maskinteknikk med ISO FTT04N	0,67	30	20,10	0,00	0,00	10,18	30,28		2 525 685,60
	Prosessteknikk FTK015H	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	Opprettes ikke	-
	Prosessteknikk FTK016N	0,67	30	20,10	0,00	17,19	8,27	45,56		3 799 704,00
	Maskin/Elkraft på Stord	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	"Konstant"	2 000 000,00
	Drift og sikkerhet FTD02H	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	Opprettes ikke	-
Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,50	0	0,00	0,00	8,00	0,00	8,00	Opprettes ikke	667 200,00
Fus/Aust.	Akvakultur FPH01H	0,67	22	14,74	0,00	0,00	0,00	14,74		1 229 316,00
Voss	Anlegg FTB02H	1,00	0	0,00	19,95	0,00	0,00	19,95	Opprettes ikke	1 663 830,00
Voss	Anlegg FTB02N	0,67	22	14,74	0,00	0,00	0,00	14,74		1 229 316,00
	Total Bergen tekniske fagskole		344,00	269,88	127,30	133,61	90,38	621,17		53 805 744,80

Ved Bergen tekniske fagskole er det foreslått å ta opp 344 nye studentar hausten 2015 (269,88 heiltids-ekvivalentar). Totalt vil det vere om lag 621 studentar rekna som heiltidsekvivalentar ved Bergen tekniske fagskole hausten 2015. *Akvakultur* og *Anlegg nett* er dimensjonert med 22 studentar per klasse i motsetnad til dei andre klassane som har 30 plassar. Dersom det skulle vere fleire søkjarar til *Akvakultur* og *Anlegg nett* er det mogleg for skulen å ta inn fleire ved å omdisponera tilskot frå andre klassar ved skulen.

Følgjande tilbod er foreslått *ikkje oppretta* hausten 2015:

- Klima, energi og miljø i bygg (KEM) - tak og fasade - nett
 - o Skulen kan lyse ut begge KEM-tilboda, og dersom det vert nok søkjarar er det mogleg å splitte klassen siste skuleår innanfor ramma. Såleis kan *KEM – tak og fasade* verte starta opp om det er nok søkjarar.
- Maskinteknikk - nett
 - o Maskinteknikk på nett og Maskinteknikk med ISO på nett vert starta opp annakvart år. Derfor vert Maskinteknikk på nett ikkje starta opp i år, medan Maskinteknikk med ISO på nett vert oppretta.
- Prosessteknikk – heiltid
 - o Det er fleire søkjarar til nettilbodet enn til heiltidstilbodet innan prosess, og det vert derfor foreslått å opprette Prosess berre på nett.
- Drift og sikkerhet
 - o Er for tida ikkje etterspurt.
- Arborist
 - o Vert berre oppretta annakvart år, og vart oppretta hausten 2014.
- Anlegg heiltid
 - o *Anlegg heiltid* og *anlegg på nett* vert oppretta annakvart år, eitt tilbod av gongen. Hausten 2014 vart det bestemt at *Anlegg nett* ikkje vart oppretta, medan *Anlegg heiltid* vart starta opp. Hausten 2015 er det derfor *Anlegg på nett* som startar opp i tråd med tidlegare vedtak i Hordaland fagskulestyre.

Bergen maritime fagskole

655	BERGEN MARITIME	vektning	forslag studenttal 1. år	omrekna til heilårsekvivalenter 1 år	2. År heiltid	2.år omrekna til heilkurs	3.år omrekna til heilkurs	Sum Total	Merknad	Budsjett
	Maskinoffiser FTM02H	1	30	30,00	27,55	0,00	0,00	57,55		4 799 670,00
	Dekksoffiser FTM01H	1	30	30,00	25,65	0,00	0,00	55,65		4 641 210,00
	Boring FTP01H	1	60	60,00	59,85	0,00	0,00	119,85		9 995 490,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1	30	30,00	29,45	0,00	0,00	59,45		4 958 130,00
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	1	30	30,00	27,55	0,00	0,00	57,55		4 799 670,00
	Total Bergen maritime vgs		150,00	180,00	170,05	0,00	0,00	350,05		29 194 170,00

Ved Bergen maritime fagskole er det foreslått å ta opp 150 nye studentar hausten 2015. Til saman vert det om lag 350 studentar ved Bergen maritime fagskole fordelt på første og andre studieår. Ved studiestaden Austevoll var det gode søkjartal til hausten 2014, og det er derfor foreslått å starta opp med full klasse på 30 studentar hausten 2015.

PS 41/14 Ymse